

Aven Hest og Sau
Tor Erik Aven
Sævråsvegen 304
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15521 - 21/20848

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
25.03.2021

Fritak frå kravet om gjødselplan Gbnr 43/2 Natås

Administrativt vedtak: Saknr: 395/21

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging føretaket Tor Erik Aven dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 30.03.2026 for Gbnr 43/2, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Vedtaket er gitt på vilkår:

- **Haug med hestegjødsel utanfor driftsbygning skal fjernast og spreist på fulldyrka/overflatedyrka jord i vekstsesongen. Etablera eigna stad for mellomlagring av hestegjødsel som er skjermja for avrenning og der det er lett å ta att gjødsel for spreing i vekstsesongen**
- **Det må ikkje gjødselast nærare Storelva enn 6 meter.**
- **Hestegjødsel kan lagrast ute, men må tildekkast med presenning eller tak.**
- **Dersom det skal spreist hestegjødsel på innmarksbeite, må han søkja kommunen om godkjenning av spreieareal.**
- **Det er ikkje lov å spreie hestegjødsel i utmark.**

Saka gjeld:

Føretaket Tor Erik Aven har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 43/2. Drifta er 6 hestar som står på stall og har inneforing i 7 mnd , 6 hestar som går ute heile året og 19 vinterfora sauer. Driftsforma til sauer er utegangardrift. Det er ikkje oppsamling av husdyrgjødsel då dyra beiter på innmark.

Haster står 5 veker på utmarksbeite og 18 veker på innmarksbeite.

Føretaket eig 5,5 daa overflatedyrka mark , 44,6 daa innmarksbeite og 13,9 fulldyrka mark.

Han leiger 15 daa innmarksbeite.

Me har vore på synfaring hos han og har sett på lagring og spreing av hestegjødsela.

Føretaket har opplyst at det vert brukt kunstgjødsek som han spreier for hand 2 gonger på beite.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på slåttemark og innmarksbeite				Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium	
Kg	Gjødselslag	Total areal		Kg pr.daa			
200	22-3-10	80	beite	2,5	0,5	0,07	0,25
33600 m3	Hestemøkk	19,4	slåttemark	1,7	9,3	1,7	8,5

GDE : 2,7 (vinterfora sau minus frådag frå beitetid innmarke 52 veker)

GDE: 3,5 (vaksne hestar)

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE) og har stort areal i høve til dyretalet. Det vert ikkje nytta gjødsel på bruket.

Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år. Kommunen oppmoder til å ta jordprøve for sjekke næringsinnhald i jorda for betre kontroll og gjødsling.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/15521»

Med vennleg helsing

Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Aven Hest og Sau

Sævråsvegen 304

5957

MYKING